

HØYRING OM VAL TIL MENIGHETSRÅD OG BISPEDØMMERÅD/KYRKJEMØTE

Høringsuttale fra Lesja kyrkjelege råd

- **Direkteval eller kombinasjonsval** av direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet
 1. *Vidareføring av dagens ordning* – dvs. at det er bispedømmerådet som avgjer om det skal vera direkte val av 7 medlemmar, eller kombinasjonsval (der 4 blir valde direkte og 3 ved indirekte val).

Fordelar: Opnar for regional tilpassing.
Bidreg til klårare samanheng mellom BDR, Kyrkjemøtet og MR, ved at nyvalde leke MR-medlemmar velger inntil 3 medlemmar i eige valomgang.

Ulemper: Kyrkjemedlemmar vil kunne ha ulik påverknad på valet avhengig av kva bispedømme dei høyrer til.
Det vil ta lang tid før endeleg valresultat er kjent. Ved førre val tok det bortimot 3 månader frå valdagen til endeleg samansetting av BDR var klart.
Dei som blir vald til rådsmedlemmar får dermed velje to gonger ved same val (fyrst som kyrkjemedlem og så som rådsmedlem. Til samanlikning kan namnast at kyrkjeleg tilsette ikkje har anledning til å stemme ved ordinært BDR-val, i og med at dei på eit anna tidspunkt skal stemme representant for lek kyrkjeleg tilsette.)
 2. *Direkte val på alle leke medlemmar*

Fordel: Sikrar lik ordning for heile landet.
Val-resultatet blir kjent kort tid etter valet.
 3. *Kombinasjonsval i alle bispedømmer*

Fordel: Sikre lik ordning for heile landet.

Ulempe: Det tek lang tid før endeleg valresultat er kjent.

Ved førre val var det 4 BDR som hadde kombinasjonsval og 7 som hadde direkteval. Ein må sjå ordninga i samanheng med at det ved valet vil vera mogleg å gjennomføre forholdstalsval. I bispedømme med to lister, vil kominasjonsval med direkte og indirekte valomgangar føre til at mindretalsrepresentasjon blir svekke, fordi terskelen for å få inn ein kandidat blir høgare.

Kyrkjemøtet har ikkje konkludert , og ber om høyringsuttale før dei tek noko avgjer.

Anbefaling frå Lesja: *Direkte val på alle leke medlemmar.
Direkteval gjev kyrkjemedlemmane større innverknad, og styrker demokratiet.
Dette var eit hovudpremiss for demokratireforma.*

- **Fleirtals- og forholdstalsval**

Kyrkjemøtet er pålagt å ha ei ordning der det er høve til å stille fleire lister. Gjennomføring av 2015-valet avdekka nokre svakheiter ved reglane for val av BDR og Kyrkjemøtet. KM meiner det er spesielt to punkt som bør vurderast nærare før neste val: Listene har ulike utgangspunkt og listene skal fremjast til ulike tidspunkt.

 1. *Vidareføring av dagens ordning.*

Fordel: Ordninga vil vera kjent for veljarane.
Ordninga gjev ulike grupperinger høve til å stille ei eige liste dersom dei føler at dei ikkje er representert i nominasjonskomiteen si liste.

Ulempe: Utfordning med asymmetriske lister og forskjellige fristar for listene blir ikkje løyst ved denne vidareføringa.

2. *Ordning med nominasjonskomiteen sine lister og andre lister – like tidsfristar:*

Ordninga tek utgangspunkt i dagens ordning, men med justeringar slik at nominasjonskomiteen og andre nomineringsgrupper får same frist for å fremje liste.

Fordel: Både nominasjonskomiteen og nominasjonsgruppene har same vilkår.
Endringane er ikkje alt for omfattande, dvs. at ordninga framleis vil vera kjend for veljarane.

Ulempe: Problematikken med asymmetriske lister blir vidareført.
Grupper som føler at dei ikkje er representert, vil ikkje ha høve til å fremje andre kandidatforslag i ettertid.

3. *Ordning med utgangspunkt i fleire sjølvstendige lister – intensjonsfrist og listefrist:*

Ordninga tek utgangspunkt i at det fyrst går ut ei oppmoding om å melde interesse for å stille liste. Ordninga har fire scenarier.

1. Fleire nominasjonsgrupper melder intensjon om å stille liste: Da skal ikkje valrådet ta initiativ til at det blir nedsett ein nominasjonskomité. I staden blir det høve til å stille fleire lister innan ei ny frist. Visst det ved endeleg frist er minst to godkjende lister, blir valet gjennomført som forholdstalsval.
2. Ingen nominasjonsgrupper melder intensjon om å stille liste: Da må valrådet ta initiativ til at det blir nedsett ein nominasjonskomité som skal fremje liste. Valet blir gjennomført som fleirtalsval.
3. Berre ei godkjent liste: Da må valrådet sjå til at det blir oppnemnd ein nominasjonskomité som må fremje ei breitt samansett kandidatliste, for å sikre at det er minst to liste. Valet blir gjennomført som forholdstalsval.
4. Det er ikkje fremja noko godkjent listeforslag. Da blir det oppnemnd ein nominasjonskomité som utarbeider ei brei kandidatliste. Valet blir gjennomført som fleirtalsval.

Fordelar: Ope invitasjon til ulike grupper, og stimulere til eit ope og levande kyrkjeleg demokrati.
Ordninga vil gjeva veljarane klårare alternativ.
Ordninga likar langt på veg andre val.

Ulemper: Litt meir komplisert i og med at det blir fleire fristar.
Det må etablerast nominasjonskomité dersom det ikkje blir fremja meir enn eitt listeforslag.
Dersom det ikkje blir fremja meir enn eitt listeforslag, vil ordninga ikkje løyse utfordringa med asymmetriske lister.
Nominasjonskomiteens liste vil kunne bli oppfatta som ein reaksjon på eit allereie godkjent listeforslag. Så lenge dette bidreg til at veljarane får ulike kyrkjepolitiske alternativ å velje mellom, er det ikkje sikkert det er altfor problematisk.

4 *Ordning med utgangspunkt i fleire sjølvstendige lister, utan ein nominasjons komité – intensjonsfrist og listefrist.*

Nominasjonsgrupper blir invitert til å stille lister, og dei må innan ei frist gjeva melding om dei har intensjon om å stille liste. Dersom det er minst ei nominasjonsgruppe som gjev ei slik attendemelding, vil valrådet ikkje ta initiativ til at det blir nedsett ein nominasjons komité. I staden får andre nominasjonsgrupper høve til å stille liste innan ei ny frist. Dersom det framleis er berre ei godkjent liste, blir dette den einaste lista ved valet.

Skulle det skje at det ikkje blir fremja noko listeforslag frå noko nominasjonsgruppe, blir det oppnemnt ein nominasjons komité som må utarbeide ei brei kandidatliste, og valet blir gjennomført som fleirtalsval.

Fordeler: Ope invitasjon til ulike grupper, og stimulere til eit ope og levande kyrkjeleg demokrati.
Ordninga vil gjeva veljarane klårare alternativ.
Ordninga likar langt på veg andre val.
Som følgje av at det ikkje blir oppnemnd nokon nominasjons komité, med mindre det ikkje blir godkjent noko listeforslag, løyser dette utfordringa med asymmetriske lister.

Ulemper: Det blir ikkje teke omsyn til reelle valmoglegheiter og ivaretaking av mindretalsrepresentasjon i dei tilfelle det berre blir levert ei liste. Da vil grupper som er i mindretal i sentrale spørsmål risikere å bli heit utan representasjon.

Kyrkerådet ynskjer innspel til andre moglege løysingar. Til alternativ 1-3 er det og forslag om at det skal opnast for supplerande nominasjon for nominasjonskomiteen si liste.

Anbefaling frå Lesja: *Det bør vera like fristar for innlevering av listeforslag. Det bør vera ope invitasjon til ulike grupper om å levere listeforslag, og på den måten stimulere til eit ope og levande kyrkjedemokrati.*

- **Tilskottsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.**

I 2015 var det ikkje sentral tilskottsordning til grupper som fremja lister ved kyrkjevalet, men bispedømmeråda utbetalte støtte til både Nominasjonskomiteens liste og Ope folkekyrkje si liste. Kyrkerådet har bede om ei utgreiing av dette temaet i forkant av budsjettprosessen før Kyrkjevalet 2019.

Ved val til kommunestyre, fylkesting og Storting er det to ulike tilskottsordningar; partipolitisk nøytral tilskottsordning ope for at organisasjonar (som er registrert i Einheitsregisteret) kan søkje om tilskott til informasjonstiltak, og tilskottsordning for politiske parti.

Dei politiske parti kan søkje om statleg støtte til partiet på nasjonalt nivå, og støtta blir gjeve som grunnstøtte og stemmestøtte.

I Svenska kyrkan får nominasjonsgrupper støtte til trykking av valsetlar til dei gruppene som er representert i Kyrkomötet. Dei får og støtte ut frå tal på innvalde mandat.

Kyrkerådet ynskjer ikkje å legge partilova si støtteordning til grunn, da den favorisere dei som sit ved makta. Svenska kyrkan si ordning favoriserer og dei som allereie sit med mandat i Kyrkjemötet.

Kyrkerådet forslår derfor at støtteordninga skal byggjast opp slik at alle som har rett til å få midlar, for støttebeløp på same nivå.

1. *Tilskottsordning for nomineringsgrupper delt i ei nomineringsfase og ei valfase:*

- a. Intensjonsstøtte: Den første fasa blir løyst ut etter ein intensjonsfrist. Dei som melder intensjon om å fremje liste, mottek støtte til nominasjonsarbeidet. Ubrukte midlar kan overførast til neste fase, forutsett at dei legg fram listeforslag. Viss ikkje, må midlane betalast attende.
- b. Listestøtte: Nominasjonsgrupper som fremjar liste, får støtte til å formidle informasjon. Det same gjeld og for eventuell nominasjons komité.

2. *Tilskottsordning der nominasjonsgrupper og andre aktørar kan søkje Kyrkerådet eller valrådet om midlar til informasjonstiltak*

Det blir sett ein eller fleire søknadsfristar for nomineringsgrupper og andre aktørar som kan søkje om midlar til informasjonsarbeid m.m. Ei slik ordning vil vera meir ope for ulike aktørar, så lenge det fell inn un der tilskottsordninga si målsetting. Det kan vera utfordrande at eit kyrkjepolitisk styrt organ (Kyrkerådet som tilskottsforvaltar) vil kunne stå relativt fritt til å bestemme om ulike tiltak bør få støtte eller ikkje.

Anbefaling frå Lesja: *Alternativ 1 – der alle nominasjonsgrupper får støtte på lik line.*

- **Personstemmer og stryking:**

Talet på tilleggsstemmer er avgrensa til tre for å gjera det vanskelegare for eit mindretal av veljarar som rettar på ein systematisk måte å oppnå eit resultat av personutveljing som kan stride mot ynskje frå eit fleirtal av veljarane. Kyrkerådet ynskjer å vidareføre denne avgrensinga på tre.

Kyrkerådet ynskjer ikkje å opne for stryking ved kyrkjelege val, men ber likevel høyringsinstansane vurdere som strykingar skal innførast att.

Anbefaling frå Lesja: *Det er ikkje høve til å stryke kandidatar. Talet på tilleggsstemmer er avgrensa til tre.*

- **Personvalreglar internt på listene**

Kyrkerådet stiller spørsmål om det bør introduserast ei sperregrense ved val av BDR og Kyrkjemötet, slik det er ved val av fylkesting (alternativa er sperregrense med krav om 5 eller 8 prosent personleg stemmetal eller om det ikkje skal vera noko sperregrense). Kyrkerådet vurderer sperregrense.

Anbefaling frå Lesja: *Reglane ved kyrkjeval bør vera mest mogleg lik reglane ved andre val, og det bør derfor innførast ei sperregrense ved val til BDR/KM.*

- **Stemmetillegg**

Ved kommuneval kan dei øvste kandidatane på lista gjevast eit stemmetillegg. Kyrkjerådet si vurdering er at stemmetillegg vil gjeva nominasjonsgruppa/-komite for stor innverknad, og det strir i mot deira ynskje om at nominasjonsgruppene/-komite skal ha mindre makt og veljarane større makt.

Kyrkjerådet ynskjer tilbakemelding på spørsmål om innføring av stemmetillegg ved kyrkjelege val.

Anbefaling frå Lesja: *Det er ikkje høve til gjeva kandidatar stemmetillegg.*

- **Valkretsar**

Pr. i dag er soknet valkrins for MR og bispedømmet for BDR, og KR ynskjer ikkje noko endring på dette.

Anbefaling frå Lesja: *Vidareføre dagens valkrinsar.*

- **Stemmegeving avgrensa til eige sokn på valdagen**

Ein skal stemme i det soknet ein er registrert som busett, evt. førehandsrøyste på eit tidlegare tidspunkt. Kyrkjerådet vurderer om reglande bør endrast, slik at det er mogleg å stemme i alle sokn innanfor kommunen på valdagen. Stemmene må i tilfelle reknast som framande stemmer og leggjast i stemmesetelkonvolutt, og stemmegjevinga må godkjennast i etterkant. Ei slik ordning vil vera krevjande i store kommunar med mange sokn.

Kyrkjerådet er usikre på om det er tilrådeleg å påleggje alle fellesrådsområder ei slik ordning, og attendemeldingar frå høringsinstansane vil vera viktig i ei slik vurdering.

Anbefaling frå Lesja: *I utgangspunktet bør det vera mogleg å stemme i alle sokn innanfor kommunen på valdagen.*

Der det, p.g.a. store avstandar, eller mange sokn, er vanskeleg å gjennomføre dette, kan det søkjast dispensasjon frå denne regelen.

- **Manntal**

Ved alminnelege val er det kvar ein står folkeregisterført som busett den 30. juni i valåret som avgjer kvar ein skal stemme. Tidlegare har det ikkje vore tilsvarande skjeringsdato ved kyrkjeval, men Kyrkjerådet vurderer om det skal innførast.

Kyrkjerådet meiner det er nødvendig med eigne manntal for prestar og lek kyrkjeleg tilsette.

Anbefaling frå Lesja: *30. juni som skjeringsdato bør innførast og ved kyrkjeval, slik at det blir samsvar med andre val.*

Det er ikkje nødvendig med eigen manntal for prestar og lek kyrkjeleg tilsette, men manntalet må vera oppdatert med kven som har eit tenesteforhold i Dnk.

- **Registrering av nomineringsgrupper**

Kyrkjerådet ser behov for å klargjera regelverket knytt til namn på kandidatlistar. Det må skiljast mellom nomineringsgrupper si registrering av gruppenamn og evt. nominasjonskomiteen si registrering av namn på liste.

Etter mal frå Sverige, foreslår Kyrkjerådet at nomineringsgrupper kan søkje Kyrkjerådet om registrering av gruppenamnet. Det er forslag om at lista frå ein evt. nominasjonskomite skal heite *Felleslisten*

Anbefaling frå Lesja: *Det er greitt med eit likelydande namn for nominasjonskomiteen si list (men det kan kanskje gå an å finne eit betre namneforslag enn «Felleslisten»?)*

- **Tal på kandidatar på eit listeforslag**

Pr. i dag er det ulike krav til tal på kandidatar på nominasjonskomiteen si liste (krav om 18 kandidatar) og andre lister (minimum 7 og maksimum 18 kandidatar), ved BDR- og KM-val.

Kyrkjerådet foreslår at kravet skal vera minimum 7 og maksimum 18 for alle lister. Visst det blir lagt fram berre ei liste, bør den innehalde 18 kandidatar (elles blir det færre kandidatar i valet enn det skal veljast medlemmar).

Anbefaling frå Lesja: *Talet på kandidatar skal vera minimum 7 og maksimum 18 på alle lister. Blir det lagt fram berre ei liste, må den innehalde minimum 18 namn.*

- **Trykking av stemmesetlar**

Kyrkjemøtet foreslår at MR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til MR-val, og BDR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til BDR-val. Ved valet i 2015 var alle stemmesetlar trykt lokalt (dvs. av MR).

Anbefaling frå Lesja: *MR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til MR-val, og BDR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til BDR-val.*

- **Førehandsrøysting**

Kyrkjerådet meiner tilbodet om førehandsrøysting burde vore betre, og har vurdert om reglane må strammast, men har innsett at det vil bera veldig ressurskrevjande å ha like godt tilbod som ved kommune- og stortingsval.

Dei ynskjer at det som eit minimum bør vera mogleg å førehandsrøyste på minst eitt kyrkjekontor i kvart fellesrådsområde i ordinær opningstid, men det er ikkje sett som eit absolutt krav. Det er opna for at valstyre sjølv må avgjera kva som er mogleg i soknet.

Kyrkjerådet har vurdert å opne for internettstemmegjeving i perioden for førehandsrøysting, og vil i forkant av valet i 2019 utgreie spørsmålet nærare og få kostnadsoverslag.

Kyrkjerådet går ikkje inn for at det skal vera mogleg med tidleg-røysting i perioden 1. juli – 9. august.

Anbefaling frå Lesja: *Når det gjeld moglegheit for førehandsrøysting, må valstyret sjølve få avgjera kva som er mogleg å gjennomføre i kvart enkelt sokn.*

- **Prosedyre for opteljing**

Kyrkjerådet forslår at lokalt valstyre får i oppgåve å rekne kor mange stemmer kvar liste har motteke i val av BDR og KM (ved forholdstalsval), og rapportere dette innan kl. 12 dagen etter valdagen. Valrådet vil da kunne gjeva eit førebels valresultat og fordeling av mandat mellom dei ulike listene.

Anbefaling frå Lesja: *Lokalt valstyre reknar kor mange stemmer kvar liste har motteke til val av BDR/KM, og rapporterer dette innan kl. 12 dagen etter valdagen.*

- **Konsekvensar for kjønn og likestilling**

Krav om at kandidatlistar bør ha minst 40 prosent repr. av kvart kjønn både ved MR- og BDR/KM-val.

Ved val av lek kyrkjeleg tilsett, prest, samisk repr. og repr. frå Døvekyrkja er det krav om at baa kjønn skal vera repr. på lista. Kyrkjerådet foreslår ikkje noko endring her.

Anbefaling frå Lesja: *Vidareføring av dagens reglar.*